



Informasjonsbrev #1: 20. nov. 2006

Bakgrunn

Prosjektet OSIKUS (Open skule – Interkommunalt undervisnings-samarbeid) har som mål å etablere felles digital undervisningsarena for 13-årig skuleløp i kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Prosjektet er delfinansiert av HØYKOM-ordninga og vert gjennomført i tida aug 2006 til desember 2007. Meir info om prosjektet finn du på eige faktaark ved å trykka [her](#).

Prosjektet er i gang med etablering av teknisk plattform, og vil starta med opplæring av pedagogisk personale i desember.

Organisering

Prosjektet er organisert i tråd med tradisjonell prosjektmetodikk: Styringsgruppe med skulesjefar frå kvar kommune, prosjektgruppe med skulekoordinatorar frå kvar kommune samt arbeidsgrupper ved behov. For å sikra framdrift og kvalitet i prosjektet har ein dessutan engasjert ekstern kvalitetsrevisor i prosjektgruppa med ansvar for jamleg risikoanalyse.

Datafangst

Kommunane har som utgangspunkt at det skal vera tilstrekkeleg å registrere data ein gong/stad. Felles skuleadministrativ programvare (WIS) er innført i dei tre kommunane og informasjon om elevar, lærarar, klassetrinn og skular er registrert for alle 35 skular. Gjennom krypterte samband vert grunndata overført til regional elevkatalog (AD) administrert av Hordaland fylkeskommune. I samarbeid med læreplattform-leverandør (It's Learning) vert vidare synkronisering etablert mellom regional elevkatalog og læringsplattform. Det er eitt mål at læreplattform og skuleportal (e-post m.m) skal vera på plass til 1. desember. Prosjektet har valt å la fylkeskommunen ha all sentral drift av læringsplattform og –portal. Av tryggleiksmessige årsaker har ein valt å ha separate installasjonar av læreplattform for grunnskule og vidaregåande skular, men fylkeskommunen sikrar ein smidig overgang frå grunnskule til vidaregåande skule.

Kritiske suksessfaktorar

Prosjektet er seg bevisst på at innføring av læringsplattform i skulen i seg sjølv ikkje er målet: *Det er samspelet mellom teknologi, organisering og læringskultur som er avgjerande for grad av suksess.*

Ein har derfor frå oppstart hatt fokus på engasjement og forankring. Jamleg oppfølging av styringsgruppa er sentralt for å sikra at dei tre kommunane har fokus gjennom heile løpet. Vidare har ein gjennomført informasjonsmøte med rektorkollegiet i kvar kommune for å sikra at skuleleirane har god forståing av kva prosjektet vil bety for undervisinga. I desse dagar gjennomfører ein kveikemøte ("kickoff") i kvar kommune med alle lærarar for å sikra at pedagogisk personell får innblikk i kva nye moglegheiter verktøyet kan gje elevar, lærarar og leiing.



Motivasjonssamling Fjell kommune

Infrastruktur



I innleiande fase av prosjektet har IKT-arbeidsgruppa vore svært sentral. Dei tre kommunane er samde om at det er naudsynt å utvikla tilgjenge til IKT-teknologi på skulen både for lærarar og elevar. Fram mot årsskiftet vert det derfor rulla ut eit stort tal PC-ar, parallelt med at infrastrukturen på den einskilde skule må byggjast ut (nettverkselektronikk, kablar, trådløst teknologi).

*Nøgd prosjektleiar:
Skule-PCar på veg...*

Opplæring neste...

Prosjektet har som ambisjon å ha læringsplattforma klar til bruk for alle skular til påske 2007. Dette inneber omfattande opplæring av pedagogisk personale. Prosjektet har gjennom svært fruktbar dialog med leverandør av læringsplattforma og utvikla eit spanande opplæringskonsept basert på ein kombinasjon av ulike opplæring:

- grunnopplæring i generell bruk av IKT og læringsplattform
- nettbaserte ressursar for eigenstudium
- temabasert opplæringstilbod
- oppfølging på den einskilde skule

Meir info om opplæringa finst i [Osikus opplæringsplan](#). I tillegg til eksterne instruktørar har to av kommunane sett av sentrale personellressursar til oppfølging av lærarar og skular som ønskjer det.

Meir info

Fortløpande info frå prosjektet finn du på nettet: www.osikus.no. Neste informasjonsbrev kjem truleg medio januar 2007.